



Kartverket

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Deres ref.:	Vår ref.:	Dato:
	Sak/dok.: 07/03493-67	25.11.2021
	Ark.: 326.12	

## Oppstart av namnesak 2021/523 i Stranda kommune og Stryn kommune, Ramusfjellet og Kvann(e)skredfjellet

Eit fjell i grensa mellom Stranda i Møre og Romsdal fylke og Stryn i Vestland fylke har to godkjende skrivemåtar: Ramusfjellet og Rasmusfjellet. Ein lokalkjend person har òg nytta skrivemåten Ramhusfjellet. Tilbakemelding frå kommunane tyder på at Ramusfjellet er rett namn, og denne skrivemåten er derfor prioritert i Sentralt stadnamnregister. I ei tilbakemelding frå Stryn vert det sagt at der nyttar dei namnet Kvannskred(e)fjellet.

Kartverket ønskjer å fastsetja éin skrivemåte av Ramusfjellet/Rasmusfjellet. Om Kvannskredfjellet eller Kvannskredefjellet skal kunne nyttast, anten som sidenamn eller undernamn til Ramusfjellet, må namnet vere med i namnesaka.

Statens kartverk sender med dette saka på lokal høyring i kommunen, jf. § 8 i lov om stadnamn.

Saka gjeld følgjande namn med variantar av skrivemåtar:

- Ramusfjellet/Ramhusfjellet/Rasmusfjellet
- Kvannskredfjellet eller Kvanneskredfjellet

### Lokal høyring

Kartverket har vedtaksrett for skrivemåten av naturnamn. Før vi gjer vedtak, har kommunen rett til å uttala seg. Lokale organisasjonar har rett til å uttala seg om skrivemåten av namn som dei har særleg tilknytning til.

Etter lova skal skrivemåten fastsetjast med utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen av namnet. Difor bed me om at alle som uttalar seg, opplyser kva som er den lokale dialektuttalen. Dersom namnet vert uttalt på ulike måtar, bed me om å få opplyst dei forskjellige uttaleformene.

### Normeringsprinsipp

I tillegg til å ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen, skal ein som hovudregel følgja gjeldande rettskrivingsprinsipp ved normering av stadnamn, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meningsinnhaldet i namnet. I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte føresegner om korleis stadnamn skal normerast.

[www.kartverket.no](http://www.kartverket.no)

Skrivemåten av primærnamnet vil normalt vera retningsgjevande for skrivemåten av det same namnet i andre funksjonar, jf. § 4 tredje ledd i lova.

### **Vidare saksgang**

Kommunen har ansvaret for å kunngjera at namnesaka er reist, t.d. med notis i ei lokalavis og på nettsidene sine. Kommunen har òg ansvaret for å henta inn og samordna dei lokale høyringssvara. Dei skal sendast til *Språkrådet, Postboks 1573 Vika, 0118 Oslo (post@sprakradet.no)*, med kopi til Kartverket. Språkrådet vil så gje endeleg tilråding til Kartverket. Ordinær høyringsfrist for kommunen er to månader frå kommunen får dette brevet.

For opplysningar om saksgang, kontakt Kartverket på telefon 32 11 80 00. For namnefaglege spørsmål, kontakt Språkrådet på telefon 22 54 19 50.

Med venleg helsing

Bjørge Stavik  
fylkeskartsjef

Nils Jørgen Gaasvik  
sakshandsamar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Mottakar: STRANDA KOMMUNE  
STRYN KOMMUNE

Lenkjer: [Lov om stadnamn](#)  
[Forskrift om stadnamn](#)  
[Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn](#)

Kopi SPRÅKRÅDET

Vedlegg: kartutsnitt

